

## Møtereferat prosjektgruppa til Sunnfjord vassområde 15.01.2016

**Tid:** fredag 15. januar 2016 kl. 09.30 – 12.00

**Stad:** Fylkeskommunen, møterom Halbrend, Sorehagen 1B, Førde

### Desse møtte:

Johannes Folkestad	fagkonsulent landbruk	Askvoll og Fjaler kommunar
Ørjan Stubhaug	kommunalsjef samfunnsutvikl	Naustdal kommune
Harald Eikenes	seksjonsleiar plan og landbruk	Naustdal kommune
Solfrid Trå	naturforvaltar	Jølster kommune
Magne Reidar Førde	ingeniør vatn/avløp	Førde kommune
Kaja Standal Moen	miljørådgevar plan samfunn	Flora kommune
Staffan Hjøhlman	prosjektleiar	Sunnfjord vassområde

### Desse møtte ikkje:

Truls Hansen Folkestad, Gaular kommune

### Saker

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

### Sak 1-2016 Søknad om støtte til tiltak frå Miljødirektoratet

Prosjektleiar har søkt om tilskot til 2 prosjekt i Sunnfjord vassområde:

- Tilskot til utgreiing av tiltak i Storevatnet, Florø. Utbetre vandringshinder og evt tilbakeføre vatn. Mål for tiltaka er å få tilbake naturleg oppvandring av sjøaure. 100 000 kr
- Tilskot til undersøkingar av elvemuslingførekostane i Sogn og Fjordane ( alle ligg i Nordfjord og Sunnfjord vassområde). 170 000 kr

### Sak 2-2016 Handlingsplan for 2016

Ønske om å sette opp ein felles handlingsplan for vassområdet kom opp på sist møte i prosjektgruppa (sak 5-2015). Handlingsplanen skal ta utgangspunkt i vedteke regionalt tiltaksprogram, legge tidsplan for t.d. å finne eksisterande data, ny miljøovervaking, synfaringar, program for sanering av eldre avløpsanlegg. Handlingplanen skal anslå bruk av prosjektmidlar. Framlegget må leggast fram for Sunnfjord vassområdeutval (styringsgruppa).

### Miljøovervaking

Prosjektleiar viste til møte med Fylkesmannen 13.01.2016 om regionalt overvaksingsprogram i tilknytning til vassforskrifta. Fylkesmannen vil prioritere sjøundersøkingar i åra framover, der det er gjort få undersøkingar til no. I elv og innsjø anbefaler Fylkesmannen å ta vassprøver til kjemisk-fysisk analyse, som er langt rimelegare enn biologiske prøver (algebegroing og botndyr). Fylkesmannen anbefalar vidare å supplere analysane med synfaringar for å avdekke tilfelle med dårleg tilstand i elvar og innsjøar, samt for å kartlegge kjelder til ureining. Fylkeskommunen vil i samarbeid med

Fylkesmannen hente inn anbod på ei rammeavtale med analyselaboratorium i nær framtid, med varigheit 2-3 år. Til dette er det trong for ei oversikt over tal prøver og prøvetidspunkt i vassområda. Den enkelte kommune syt i utgangspunktet for prøvetaking og levering på posten. Det kom opp spørsmål om prøvetaking kan samkøyrast med Fylkesmannen – prosjektleiar sjekkar ut dette.

#### Synfaringar/markdag

Det var semje i prosjektgruppa om at synfaring / markdag er ein god framgangsmåte for å skaffe erfaringsgrunnlag om teikn på ureining og påverknader, få opp merksemda om tilstanden i vassdraga, samt hente inn kunnskap frå grunneigarar og brukarar av vatnet. Det vil vere naturleg med deltaking på synfaringane frå kommune, grunneigarar/elveeigarlag, turlag, naturvernforeining, Fylkesmannen si miljøvernavdeling og evt landbruksavdeling og landbruksrådgjevinga i Sogn og Fjordane. Fleire kommunar kan gjerne delta på synfaringane for å få eit felles erfaringsgrunnlag. Kommunane spelar inn framlegg til vassførekomstar (elvestrekningar, innsjøar) der det er kjent påverknad frå landbruk, spreidde avløp eller anna kjelde som kommunen er styresmakt for.

#### Konklusjon: Kommunane spelar inn følgjande med frist fredag 22.01:

- «gamle» data som ikkje er med i vedlagte oversikt over utført overvaking (yngre enn 10 år)
- framlegg til prøvetakingspunkt for overvaking i elv/innsjø (analysar kosta av prosjektmidlar) og mottaksadresse dit laboratoriet skal sende tome prøveflasker
- framlegg til synfaring»objekt» med kort omtale av spesielle problem

#### Sak 3-2016 Møteplan for 1. halvår 2016

Det var semje om møte 12.02 og kvar fjerde fredag deretter.


#### Sak 4-2016 Organisering av vassområdet

Kommunane sender til prosjektleiar forslag på medlemar i referansegruppe for Sunnfjord vassområde: frivillige organisasjonar, interessentar, private verksemder og enkeltpersonar med kontaktperson, epost og gjerne andre kontaktopplysningar.

**Frist: innan fredag 22.01.**

Det kom fram ein del usikkerheit om organisasjonen. Nedanfor er organisasjonskart og omtale av ulike grupper. Pilane syner kvar medlemar er henta frå. Omtalene er tekne frå prosjektplanen for Sunnfjord vassområde 2016 – 2021.

Prosjektleiar tilskriver dei aktuelle medlemane og spør om dei ynskjer å bli med i referansegruppa.



<p><b>Vassområdeutval</b></p> <p>Det er oppretta eit vassområdeutval som fungerer som styringsgruppe for prosjektet, med ein vald politisk representant frå kvar kommune, og i tillegg representantar frå fylkeskommune og regionale mynde. Vassområdeutvalet vel leiar.</p> <p>Vassområdeutvalet vedtar organisering, framdriftsplan, oppdrag og finansieringsplan. Framdriftsplanen er styrt av fristane i vassforskrifta og fristar som vassregion-mynda set.</p> <p>Kommunen sine bidrag (økonomisk, personell osv.) må forankrast/ godkjennast i den enkelte kommune.</p>	<p><b>Prosjektgruppe</b></p> <p>Prosjektgruppa skal vere sekretariat og koordinator i arbeidet med å skaffe faglege opplysningar og informasjon til forvaltningsplanen. Prosjektgruppa, eventuelt i samarbeid med tema-grupper, utarbeider framlegg til tiltak og arbeidsoppgåver som skal gjennom-førast på vassområdenivå, og rapporterer til vassområdeutvalet. Prosjektgruppa er samansett av representantar frå administrasjonen i kommunane i Sunnfjord vassområde.</p>
<p><b>Referansegruppe</b></p> <p>Det bør opprettast ei referansegruppe for prosjektet som er samansett av frivillige organisasjonar, interessentar, private verksemder og enkeltpersonar i vassområdet.</p> <p>Referansegruppa får orientering om arbeidet i vassområdet og har høve til å kome med tilbakemeldingar og innspel. Referansegruppa vert oppretta for å legge til rette for medverknad i prosessane og arbeidet.</p> <p>Aktuelle interessentar kan trekkjast inn i arbeidet i ulike temagrupper.</p>	<p><b>Temagrupper</b></p> <p>Vassområdeutvalet vil opprette temagrupper ut frå dei mest aktuelle problemstillingane i vassområdet. Dette for å legge til rette for brei medverknad på tvers av sektoransvar og fagdisiplinar der lag og organisasjonar skal ha moglegheit for å bidra.</p> <p>I fyrste omgang blir det nedsett 2 temagrupper: landbruk og spreidde private avløp. Kommunane som styresmakt vil vere representert i desse temagruppene. I tillegg vil vassområdeutvalet invitere representantar frå Fylkesmannen og lokale og regionale interesse-organisasjonar.</p>

Med helsing

\*

Staffan Henrik Hjøhlman  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Oversikt historisk overvaking Sunnfjord kommunar  
Prosjektplan Sunnfjord vassområde 2016-2021

Mottakar (ar)

Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD  
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE  
Naustdal kommune Postboks 43 6806 NAUSTDAL  
Fjaler kommune Postboks 54 6961 DALE I SUNNFJORD  
Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL  
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ  
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER

Kopi til: